



Flage Maskin AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

## Ber om tilbakemelding på aktivitet - Flage Maskin - Eidsnes - Lindås - Alver kommune

Vi har fått klager på støy frå knuseaktivitet på Eidsneset, Alver kommune, onsdag og torsdag 14. og 15. juni. Klagane nemner skjemmaende støy frå knusing og flytting av massar på kveldstid og helgedagar.

Knuse- og sikteverk er regulert i forureiningsforskrifta kapittel 30, og set mellom anna krav til støy, utslepp til luft og til vatn. Det er òg krav om melding til statsforvaltaren med opplysingar om verksemda. Meldeskjema finn de på våre nettside under fana «Finn skjema og teneste» her: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/meldeskjema-for-produksjon-av-pukk-grus-sand-og-singel/>.

Vi ber om at utfylt meldeskjema vert sendt inn til oss snarast og seinast innan **fredag 23. juni 2023**.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
sjefsingeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG